




Statens vegvesen Turistvegseksjonen

Detaljregulering for Gjendeosen - Reinsvangen i Vågå kommune

PlanID 05152010001

Informasjon ved oppstart av planarbeid





INNHOLD

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET 4

1.1 Ansvar for planen4

1.2 Nasjonale turistveggar4

1.3 Nasjonal turistveg Valdresflye5

1.4 Gjendeosen - Reinsvangen6

2. ENDRINGAR I GJELDANDE REGULERINGSPLAN PLAN..... 7

3. PLANPROSESS 8

3.1 Oppstartmøte med Vågå kommune.....8

3.2 Varsel om oppstart av planarbeidet8

3.3 Vidare handsaming av planforslaget8

4. HOVUDRAMMER FOR PLANARBEIDET 9

4.1 Nasjonale turistveggar.....9

4.2 Statlege planretningslinjer.....9

4.3 Kommunedelplan 10

4.4 Gjeldande områdereguleringsplan (planID 0515 20100019)..... 10

4.5 Andre planar i området 10

5. VURDERING - FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING 11

6. KONSEKVENSER AV TILTAKET 11



1.3 Nasjonal turistveg Valdresflye



Nasjonal Turistveg Valdresflye, ein del av fylkesveg 51, går frå Garli til Hindsæter med ein avstikkar til Gjendeosen. Strekningen er ca 49 km lang og går opp til 1.389 m.o.h.

Å køyre i det opne fjellandskapet kan samanliknast med følelsen av å fly. Vegen svever og strekker seg ut i lange og duvande former. Det er lett å la tankane sveve like høgt som fjella i horisonten. Naturen er både forlokkande og oppnåeleg, og heile tida ligg vegen i landskapet som eit trygt ankerpunkt. Landskapet kan verke dovent og vennleg, men det er gode grunnar til at vegen er vinterstengd.

Valdresflye er som eit stort bilete, meir enn skjulte løyndomar. Her er det roa som er framtreddande for opplevinga av det vidstrakte landskapet.

Gjende, med sin irrgroenne farge og omgitt av ville fjell, er kjent som den vakraste innsjøen i Jotunheimen. I vestenden ligg Gjendebu, på nordsida Memurubu og i austenden Gjendesheim.

Om sommaren går det båt mellom desse tre stadene. Kwart år tar titusener båten frå Gjendesheim til Memurubu og går via Besseggen tilbake.

Gjende, det vil si Gjendeosen og Reinsvangen, er eit av tiltakspunkta på Nasjonal turistveg Valdresflye.

Gjendeosen ligg på ein avstikkar frå fylkesveg 51. Vegen inn til Gjendeosen er ca 2 km lang og vert rekna som ein del av fylkesvegen. Gjende er peika ut som eit av tre nasjonale "ikon-punkt", dei to andre er Trollstigplatået og Vøringsfossen. Dette betyr at det på Gjendeosen og Reinsvangen skal gjennomførast relativt store utbyggingar.



1.4 Gjendeosen - Reinsvangen

Gjende er eit attraktivt reisemål og det er svært viktig å ta vare på og styrke kvalitetane i området.

Naturrommet er stort og storslagent, med få element, men knutepunktet på Gjendeosen står i dag fram som eit sår i landskapet, og dei store parkeringsareala står i sterk kontrast til kvalitetane i landskapsrommet rundt.



Gjendeosen er ein travel møteplass ved innfallsporten til Jotunheimen nasjonalpark. Turistvegprosjektet ønskjer å utvikle Gjende til eit av prosjektet sine viktigaste stopp-punkt - eit nasjonalt ikon.

Formålet med prosjektet på Gjende er å:

- Reparera øydelagt landskap.
- Redusere areala som brukas til anlegg og aktivitetar
- Redusere biltrafikken inn til Gjendeosen mest mogleg.
- Gi betre trafikktryggleik og smidigare trafikkavvikling.
- Legge betre til rette for Gjendebåtane.
- Gi betre service for vegfarande og fotturistar.

Prosjektet skal framstå som en attraksjon, ikkje på landskapet sin kostnad, men i eit spanande samspel mellom landskapet og det menneskeskapte. Intensjonen er at dette skal gi fleire besøkande, og at mange av dei som kjem til området finn sjølve området og servicetilbodet så interessant at dei bruker lengre tid. Dette vil da i neste omgang føre til større omsetning for dei som driv næring på Gjendeosen, og med moglege positive verknader for verksemdar i eit større område.

Det er eit overordna mål å avgrense trafikken inn i området mest mogleg og å ordne trafikken på en sikker og smidig måte. I forhold til trafikktryggleik er det viktigaste tiltaket at det meste av parkeringa blir overført til Reinsvangen. Med dette grepet blir trafikksituasjonen langt meir oversiktleg vidare innover langs fylkesvegen og på Gjendeosen.

Det vert lagt opp til vesentleg fleire parkeringsplassar samla sett, men ein betydeleg reduksjon på Gjendeosen. Til gjengjeld vert det etablert fleire parkeringsplassar på Reinsvangen. Dette er ønskjeleg for å reparere dei sår i landskapet som noverande parkeringsplassar ved Gjendeosen har medført.

Utbygging er i gang, dvs at ein i 2017 starta bygging av ny brygge på Gjendeosen. Tilhøyrande bryggehus, samt servicebygg på Reinsvangen, vert starta i 2018.

Det er tidlegare utarbeidd ein områdereuleringsplan for området med aktuelle tiltak, godkjent i 2012. Det nå ønskje om å endre deler av planen, på nokre få konkrete punkt, sjå neste side. Vidare er det no lagt opp til ein detaljreguleringsplan, utan at dette har vesentlege praktiske konsekvensar.

2. ENDRINGAR I GJELDANDE REGULERINGSPLAN

Gjeldande reguleringsplan er vist nedanfor. Dette er ein såkalla områderegulering, medan ein nå vel å utarbeide ein detaljreguleringsplan.


I prosessen ved utarbeiding av gjeldande reguleringsplan for Gjendeosen-Reinsvangen vart det lagt fram to alternative brukryssingspunkt. Det øvste alternativet vart da valt (**merka A** i figuren nedanfor). Statens vegvesen Turistvegseksjonen ønskjer nå å flytte regulert brukryssingspunkt lengre ned i vassdraget. Om lag 250 meter nedover (**merka B**) er det eit kryssingspunkt ein nå vurderer som meir aktuelt. Nærare synfaring må avklara endeleg plassering. Ved flytting av brukryssingspunkt må ein også justere trasear for turstigar. I samband med dette må ein utvide planområdet noko (**merka C**).

Ved reguleringsendring vil det også bli gjort justeringar av planen i forhold dei løysingar som nå ligg til grunn for utbyggingsprosjektet. Dette gjeld mellom anna løysingar for vatn og avløp (VA) og planlagt kafébygg på Gjendeosen. Ein vil da unngå dispensasjonsbehandling for gjennomføring, og det vil vere ein oppdatert reguleringsplan å forhalda seg til.

Som VA-løysing er det nå inngått avtale med DNT /Gjendesheim om ei løysing der det planlagde servicebygget på Gjendeosen vert knyta til eksisterande VA-anlegg på Gjendesheim. Det betyr at ein ikkje legg VA-leidningar mellom Gjendeosen og Reinsvangen, slik det opprinneleg var tenkt. Det vert da lokal vassforsyning ved Gjendeosen, og eksisterande avløps-/infiltrasjonsanlegg (**merka D**) for Gjendesheim, vert teke i bruk også for det nye servicebygget på Gjendeosen. Infiltrasjonsanlegget vert da sannsynlegvis regulert som eit eige formål. På Reinsvangen vert det og lokale VA-løysingar.

I planarbeidet vil ein og vurdere om dei regulerte parkeringsplassane (merka P5-P6) mellom vassdraget og Gjendevegen skal takast ut av planen. Dette er eit sårbart areal i forhold til landskapet i området, og ein må vurdere på nytt om det er riktig å regulere dette til parkering.

Utover dette kan det bli aktuelt med mindre justeringar av gjeldande plan, naturlegvis også avhengig av kva slags innspel som kjem til planarbeidet.



3. PLANPROSESS

3.1 Oppstartmøte med Vågå kommune

Det vart halde oppstartmøte med kommunen 3. mai 2018. Kommunen tilrådde oppstart av planarbeidet. Av tilhøve som vart gjennomgått i møtet kan nemnast:

1. Bakgrunn for planarbeidet (sjå kap 1-2)
2. Gjeldande planar i området
3. Kommunale retningslinjer og vedtekter i området
4. Krav til varsel om oppstart
5. Utreiingsbehov knytt til planarbeidet
6. Krav til planmateriale
7. kommunens førebelse råd og vurderingar:
«Det er positivt at det blir sett i gang ein prosess med planendring for flytting av brupunktet nedstrøms. Ved planendring bør det også vurderast om «reserve-parkeringsareala» på Reinsvangen mellom kjørevegen og Sjoa bør takast ut da ein i dag vurderer det som landskapsmessig svært lite heldig å ta i bruk dette vassdragsnære arealet til parkeringsformål.»

Det vart på oppstartmøtet konkludert med at planarbeidet ikkje utløyser krav til planprogram eller konsekvensutgreiing.

3.2 Varsel om oppstart av planarbeidet

Planarbeidet vert varsla med annonse i lokalavisene GD (23. mai) og Fjuken (24. mai).

Grunneigarar, naboar, andre interessentar og aktuelle offentlege etatar vert varsla direkte ved brev eller mail den 23. mai 2018.

3.3 Vidare handsaming av planforslaget

Statens vegvesen, Turistvegseksjonen utarbeider forslag til reguleringsplan i samråd med Vågå kommune og med omsyn til eventuelle, relevante innspel til planarbeidet.

Ein normal prosess for ein reguleringsplan er:

1. Oppstartvarsel, sjå førre punkt.
2. Utarbeiding av forslag til reguleringsplan basert på ønskjer frå Statens vegvesen, Turistvegseksjonen, Vågå kommune og mottatte innspel til planarbeidet.
3. Første handsaming av reguleringsplanen i Formannskapet i Vågå kommune med vedtak om å legge planen ut til offentleg høyring.
4. Offentleg ettersyn av planforslaget. Høyringsfrist skal vere minimum 6 veker.
5. Det må vurderast om det er naudsynt med ope møte i samband med offentleg ettersyn av planforslaget. I så fall bør dette haldast i høyringsperioda for reguleringsplanen.
6. Eventuelle endringar i planen som følgje av høyringa, i samråd mellom Vågå kommune og Statens vegvesen, Turistvegseksjonen.
7. Andre handsaming i Formannskapet i Vågå kommune.
8. Slutthandsaming og vedtak om godkjenning av reguleringsplanen, i kommunestyret.

Vidare framdrift vil vere avhengig av kor mange innspel som kjem, og kva innspela går på.

Slik det no ser ut, håpar Statens vegvesen, Turistvegseksjonen og Vågå kommune, at planen kan bli godkjend i kommunestyret i løpet av første halvdel av 2019.

4. HOVUDRAMMER FOR PLANARBEIDET

4.1 Nasjonale turistveggar

Statens vegvesen utviklar Nasjonale turistveggar på oppdrag frå Regjering og Storting. Arbeidet er forankra i Nasjonale transportplanar, dei årlege budsjettproposisjonane for Samferdselsdepartementet og Regjeringa sine reiselivsstrategiar. Det daglege ansvaret er lagt til Turistvegseksjonen i Vegdirektoratet.

I alt atten vegstrekningar med ti store tiltakspunkt og ei rekkje andre mindre og større punkt, skal utviklast til turistattraksjonen Nasjonale turistveggar. Oppgåva er å laga ein turistattraksjon som skal vekka internasjonal og nasjonal interesse hjå turistar og vegfarande. Målet er å medverka til styrka næringsliv og busetting, ikkje minst i distrikta.

4.2 Statlege planretningslinjer

4.2.1 Retningslinjer for universell utforming

Formålet med disse rikspolitiske retningslinjene er mellom anna å sikre at planlegging på alle nivå bidrar til utvikling mot eit stadig meir universelt utforma samfunn. Vidare skal retningslinjene klargjere det offentlege sitt ansvar for at universell utforming blir ivaretatt i planlegging av byggeområde, uteareal og transportinfrastruktur. Intensjonen er å legge særleg vekt på å ivareta omsyn til personar med nedsett funksjonsevne. Desse retningslinjene har vore på høyring, men er ikkje vedtekne.

I den vidare planlegging blir slike omsyn innarbeidd i den grad dette er mogleg innanfor realistiske fysiske og økonomiske rammer.

4.2.2 Retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Føremålet med retningslinjene er at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting med miljømessig gode løysingar. Det skal leggest til grunn eit langsiktig berekraftig perspektiv i planlegging. Retningslinjene er lite relevante i forhold til dette planarbeidet.

4.2.3 Retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser planlegginga

Formålet med disse retningslinjene er å synleggjere og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven. Retningslinjene er lite relevante i forhold til dette planarbeidet.

4.2.4 Retningslinjer for verna vassdrag


Retningslinjene gjeld for dei vassdraga som er verna gjennom Stortinget sitt vedtak i Verneplan I-IV for vassdrag frå 1973-1993. Strynevassdraget sitt vernevedtak er nedfelt i verneplan IV. Formålet er å sikre at ein i vassdraga unngår inngrep som kan redusere deira verdi for naturvern- og friluftsmål og vitskap.

Rikspolitiske reglar for verna vassdrag vart vedteken 10.november 1994. Retningslinjene finst i rundskriv T-1082 frå Miljøverndepartementet.


Retningslinjene seier at kommunar og fylkeskommunar som har verna vassdrag, skal legge retningslinjene til grunn for planlegginga etter Plan- og Bygningslova (PBL).

Rikspolitiske retningslinjer rår til at ein i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen differensierer forvaltninga av dei verna vassdraga utifrå verneverdiar og arealtilstand. Middelet for å få dette til, er ei klasseinndeling av vassdraget, med haldningar til korleis ein skal handsame søknader om ulike typar inngrep i dei einskilde forvaltningsklassene.

4.3 Kommunedelplan



4.4 Gjeldande områdereguleringsplan (planID 0515 20100019)



4.5 Andre planar i området

Område TB/L01 i kommuneplanens arealdel er under regulering. Planområdet ligg vis-a-vis Reinsvangen på austsida av Sjoavassdraget. Planforslaget opnar for bygging av lagerbygg og tenestebustad for sesongtilsette knytt til Gjendebåten AS. Planforslaget har ingen innverknad på arbeidet med reguleringsplan Gjendeosen-Reinsvangen.

5. VURDERING - FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING

Kommunen er ansvarleg myndigheit for kommunale planar.

Det er relativt små endringar i høve til gjeldande plan, med ei relativt lita utviding av planområdet. Utvidinga skal ivareta sti frå ny bru til eksisterande sti i området på sør-vest-sida av vassdraget. Desse areala er vist som landbruks-, natur- og friluftsområde i gjeldande kommunedelplan.

Planarbeidet, og dei tiltak som inngår, fell etter tiltakshavar si vurdering ikkje inn under §6 (vedlegg 1) i forskrifta, om tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast. Planarbeidet, eller aktuelle tiltak, fell heller ikkje inn under §8 (vedlegg 2) eller §10. Dette betyr at det ikkje er formelt krav om planprogram og konsekvensutgreiing.

Ein del vurderingar må ein likevel gjere i tilknytning til planarbeidet, sjå kap 6.

6. KONSEKVENSER AV TILTAKET

Konsekvensar av planforslaget vert vurdert og omtalt i reguleringsplanen. I tillegg inngår ROS-analyse.

Ein del konsekvensar er allereie vurdert i reguleringsplanarbeidet som vart utført i 2008-2012. Det vart da laga eit planprogram som var ute på høyring og vart godkjent av Vågå kommune.

I det godkjende planprogrammet vart det stilt krav om utgreiing av:

- landskap og terrenginngrep
- kulturminne og kulturmiljø
- transport og trafikk

Det vart da utarbeida egne rapporter for dei tre aktuelle tema, som del av planarbeidet. Det vart og gjort ei vurdering av biologiske forhold i Gjendeosen, knytt til den regulerte bruplasseringa. Dette resulterte i at brua vart flytta 20 meter nedover, ved vedtak av formannskapet den 18. juni 2013. I hovudsak må det leggjast til grunn at det ikkje er behov for nye utgreiingar knytt til desse tema.

Når det gjeld konsekvensar ved flytting av bru, med tilhøyrande stiar, må ein vurdere mellom anna:

1. Kulturminne: Oppland Fylkeskommune bes om å kome med ei vurdering av moglege kulturminne knytt til utviding av planområdet.
2. Landskap og terreng: Konsekvensar ved ulike alternativ for utforming/plassering av bru.
3. Biologiske tilhøve i elva, knytt til eventuelle inngrep i elveløpet.
4. Friluftsiresser

Eit nytt servicebygg på Gjendeosen var vist med ei anna utforming i gjeldande reguleringsplan, enn det som nå vert planlagt. I ny reguleringsplan vil det bli gjort vurderingar i forhold til landskap og terreng, når det gjeld den nye utforminga av servicebygget.

